

**Aftenposten** Torsdag 20. februar 1997

**Arne Roll/overvaking**

# Nisseluve *Ap* på lasset? *2 1/2*

Av *Berge Furre, Oslo* *- 97*

Eg gløymer det aldri: Synet av ein lang nordmann med shorts og hårete bein i solskinnnet på brua til Warszawas gamleby med kongeslottet i bakgrunnen. Det var Ungdomsfestival i 1955. I kommunist-regi, javisst. Men nordmannen dreiv forretning, *privat* forretning. Han solde raude nisseluver, den norske delegasjonens «uniformsplagg», til polakkane. Dei stod tett ikring den livlege soljaren. Og prisen steig frå dag til dag – til fleire tusen zloti, meiner eg å minnast. Når vi vart blakke, gjekk vi med nisseluva vår til denne karen. Han berga mange av knipe. Generøs. Og heilt utan eigen forteneeste. Ein likandes kar. Han heitte Arne Roll.

Subsidiert festival? Sikkert noko, sjølv om somlet og gjennom Tyskland, govesalar med køyesenger og kylling (som polakkane ikkje reknar for kjøtt) kvar dag ikkje var noko luksustilvere. Men avgifta for å koma med var såpass høg at subsidiane frå Roll kom god med.

No har han skifta meining. Han hudflettar meg og alt mitt vesen under «Andres mening» den 16.2. Like mykje som han den gongen var nyfrelst kommunist og støtta Stalin (før den 20. partikongress), like atterhaldslaust hyller han i dag «Reagans mandige stratosfæriske opprustning» og «CIA's utrettelige innsamling av informasjon om den røde mafia med dens påvirkningsagenter» – og han reknar altså meg til den flokken.

Til skilnad frå Arne Roll har eg aldri vore kommunist. Sosialisme utan demokrati kunne aldri bli anna enn falskneri. Det har historia verkeleg stadfest. Eg høyrer til ein politisk retning som aldri har vore klakkør for noka supermakt – og har sagt frå om det til dei som ville høyra både i aust og vest. Vi stod for «det tredje standpunkt» under den kalde krigen. Kampen mot atomoppvæpninga var ein overlevingskamp for menneskeslekta, etter vårt syn, og det gjaldt anten våpna vart produserte i aust eller vest.

«Det finst ingen tredje veg», dundra

kommunistane i kor etter Walter Ulbricht i den kalde krigens år. Og det er vel nokolunde det same Arne Roll vil ha fram når han bås plasserer meg.

Arne Roll vil gjerne stå fram som liberal demokrat, forstår eg. Men når han no forsvarar politisk overvaking av fullt hjarte, ser det for meg ut som han har fått med seg ein nisse på flyttelasset frå kommunismen, ein autoritær nisse – som han var ein levande demonstrasjon imot da han var nisseluve-seljar på brua i Warszawa i 1955. For politisk overvaking høyrer ikkje heime i eit demokrati. Det innser dei fleste i dag.

Eg minnest forresten med glede Festivalen i Warszawa 1955. Det var mitt fyrste høve til å møta menneske på andre sida av jernteppet. Vi møtte mange polakkar – også bitre motstandarar av kommuniststyret. Iallfall for dei var det viktig at nokre frå vest, som ikkje var kommunistar, nytta eit slikt hol i jernteppet – sjølv om det skjedde i regimets regi. Vart vi utnytta? Sikkert noko. Men eg tror verdien av dei menneskelege kontaktane i den kalde krigens frostår var viktigare. Etter kvart vart kontaktane fleire og breiare år for år. Til slutt vart dette løfta opp som eit viktig emne i forhandlingane mellom aust og vest, som «tredje korg» i Helsinki-prosessen – under stigande nervøsitet i Moskva. Jernteppet vart så gjennomhola at det ikkje kunne stå. Truleg er også dette ei side ved den kalde krigens slutfase.